



Tekst & musikk
**FREDDIE
LANGRIND**



TIMEGLASET

Et stort timeglas har ein viktig plass i spelet. Det er hovudpersonen SKALDEN som har hand om det, og det opnar og avslutter spelet på magisk vis.

Som ung visste eg lite om alt, men starta tidleg å skrive ned nokre små melodier. Ved eit tilfelle viste eg komponisten Edvard Fliflet Bræin nokre kråketær til tekster av Wildenvey. Han oppmuntra meg og skreiv uoppfordra eit lite piano-arr. av min tone til diktet MYRTH, og det er nytta her.

Wildenveys dikt avsluttast slik:

*Og Myrth dikter jordkloden om til en kurv
med blomster og barn og ting,
enn videre mener hun frelst og frank,
at regnbuen, det er en drabelig hank
hvori Gud trekker kurven omkring.*

Eit tidleg miljø-innlegg?



Her renn våre timar som finsand i glas
til kolben er søkkande tom,
men forma er også så underleg slik;
kvar ende av glas er den motsette lik.
No vender vi tidsglaset om.

Vi veit at dei finnast, dei beste av oss
som løftar historias dom.
Synnøve tok sprang ut i ulendte får
mot noko ho slett ikkje visste kva var.
No vender vi tidsglaset om.

Vi lever på tufter frå fedrane før
som solbluss i tid og i rom.
Så ber vi då med oss og held det i hevd
ei samkjensle, rotsett av lagnad og levd.
No vender vi tidsglaset om.

